



Arkivsaknr: 2024/750-197
Sakshandsamar: Ola Viken Stalund
Avdeling: Plan og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Miljøløftet - innspel til Handlingsprogrammet 2027-2029

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektørens tilråding om Alver kommune sine innspel til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2027-2029 vedtakast.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saka gjeld

Saka gjeld den årlege prioriteringa av prosjekt som Alver kommune vil legge inn i Miljøløftet sitt handlingsprogram, denne gong for perioden 2027–2029. Aktuelle prosjekt vart diskutert med formannskapet som styringsgruppe 11.09.205. Fristen for innspel av prosjektark var 1. des., og Alver har sendt sine innspel med atterhald om politisk handsaming av denne saka. Kommunedirektøren ber kommunestyret om å gjere vedtak om kva prosjekt som skal stå igjen som våre innspel til Miljøløftet sitt handlingsprogram for 2027-2029.

1. Bakgrunn
2. **Nærare om Alver sine innspel til Miljøløftets handlingsprogram 2027-2029**
3. Belønningsmidlar
4. **Kommunedirektøren si tilråding**

1. Bakgrunn

Alver kommune vedtok å vere med i Byvekstavtalen i februar 2020. Det er nullvekstmålet for personbiltrafikk som ligg til grunn for avtalen. Gjennom avtalen vil kommunen i avtaleperioden fram til 2029 få mogelegheit til å disponere omlag 390 mill. kr. i investeringsmidlar langs riksveg,

fylkeskommunal veg eller kommunal veg (Statsbudsjettet, post 30). I tillegg får kommunen om lag 3,5 mill. kr. per år i såkalla belønningsmidlar som kan brukast på eit noko vidare omfang innan tema. Handlingsprogrammet til Miljøløftet rullerast årleg, og er styrande for kva prosjekt som får innvilga investeringsmidlar over statsbudsjettet. Målet for arbeidet med Miljøløftet i Alver er å *følgje opp måla i Miljøløftet, og bruke Miljøløftet til å finansiere og realisere ambisjonar som ligg i kommunen sine eigne planar.*

Alver kommune har tidlegare meldt inn, og fått finansiert eller fullfinansiert følgande prosjekt gjennom Miljøløftet:

Fv 5308 Utbetring av Sagstadvegen, g/s-veg

Fv 5476 Kvamsbrekko

Regionsenteret Knarvik, Kv 1023, Kv1056

Regionsenteret Knarvik, gangveg mellom Helsehuset og Såtabu-området

Frekhaug, Mjåtveitvegen

Fv 565 Manger kyrkje - Hesthaugen

Kv1023, Kv1056, Knarvikplanen, gang- og sykkelveier

Alle er no del- eller heilfinansiert av Miljøløftet. *Kv1023, Kv1056, Knarvikplanen, gang- og sykkelveier* fekk oppstartfinansiering med om lag 19,5 mill. kr. statsbudsjettet 2025, og videreførast med om lag 10 mill. kr. i statsbudsjettet for 2026. Dei andre er ferdig bygde.

Det er handlingsrom for fleire Miljøløftet-prosjekt i Alver kommune. Administrasjonen har difor i løpet av våren og hausten gjort eit arbeid med å finna nye prosjekt til porteføljen, slik at me kan få utnytta potensialet i dette handlingsrommet. I det følgjande leggast det fram kva prosjekt Alver kommune har spelt inn til handlingsprogrammet, samt ev. endringar knytt til eksisterande portefølje.

Det er viktig å planlegge for prosjekt med byggestart etter 2029, slik at me går inn i ein ev. ny avtaleperiode godt førebudd. Det betyr at nokre av prosjekta som er spelt inn ikkje vil vere aktuelle for oppstart med det første, men er med for å oppretthalde framdrift for desse. Denne saka skulle helst ha vorte handsama før fristen for å spele inn prosjektark, slik at innspela hadde eit kommunestyrevedtak «i ryggen». På grunn av dei avlyste møta i november ber me no om at kommunestyret gjer vedtak om kva prosjekt som skal vere ein del av Alver sin portefølje, og kva prosjekt som ev. skal trekkast ut.

Administrasjonen har spelt inn følgande prosjekt til Miljøløftets handlingsprogram 2027-2029:

Kollektivknutepunkt og innfartsparkering Flatøy – byggetrinn 2.

Innfartsparkering i Knarvik/fellesanlegg parkering

Fv57 Gymnasbakken, utvide G/S på brudelen.

Fv5472 Kleivane på Seim G/S-veg

E39 Knarvik, fortau Stallane – Såta, del av kryssløysing

Fv 5484 Gradnatun-krysset, utbetring og fortau

Fv 5452 Leknes skule, tilkomst sørfrå, inkl bru og avsetting/hjartesone

Fv 5456, Ostereidet, fortau/trafikk sikring i Lindstallen*

* *Har fått midlar til oppstart i statsbudsjettet for 2026 (Prop. 1 S (2024–2025)) – med atterhald om budsjettvedtak i Stortinget.*

Fv 5452, Leknes, fortau/trafikksikring ved Eknes Karosseri *
Fv 5474, Seim skule, fortau/trafikksikring
Fv 5452, Apalen, fortau/trafikksikring Apalen – kryss Kleivdalsvegen
Fv 565 Alverstraumen, vendeplass for buss, inkl. innfartsparkering

Prosjekt som følgast opp utanfor handlingsprogrammet, ev. med bruk av belønningsmidler:

E39, Hagelsund bru, utviding av G/S-veg
Kv 1163 Fosseskarvegen G/S-veg

2. Nærare om Alver sine innspel til Miljøløftets handlingsprogram 2027-2029

Kollektivknutepunkt og innfartsparkering Flatøy – byggetrinn 2.

Innfartsparkering aktuelt å prioritera fleire stader i kommunen. Flatøy er inngangsporten til Bergen for alle innbyggjarar i Alver kommune, og har eit svært godt ekspressbusstilbod til Bergen. Ny terminal med innfartsparkering opna i november 2024, men allereie no er det behov for utvida kapasitet. Her har ein imidlertid planlagt langsiktig, og ei utviding med byggetrinn to på Flatøy er ferdig regulert og planlagt. Byggetrinn 2 inkluderer og separert gang- og sykkelveg på vestsida av fv. 564. I dagens løysing er G/S-vegen adkomstveg til eigedommane på sjøside av fylkesvegen. Ei full utbygging vil altså innebære at ein knyt saman det som i dag er eit «missing link» i den samanhengande sykkelinfrastrukturen på aksa Alversund – Knarvik – Frekhaug. Statens vegvesen er forutsett som byggherre. Med tanke på at dette er eit ferdig regulert prosjekt har det høg prioritet.

Kostnad: Om lag 36 mill. kr.

Mogleg byggjestart: Prosjektet er ferdig regulert, og det bør kunne startast opp bygging allereie i 2027.

Status: Spelt inn som prosjekt til handlingsprogrammet med kostnad

Innfartsparkering i Knarvik/fellesanlegg parkering

Det var i 2024 om lag 4200 personar busett i Alver med arbeidsplass i Bergen. Kollektivtilbodet i Nordhordland er i stor grad innretta med eit høgfrekvent tilbod mot Bergen for arbeidsreisande. Sjølv om tilbodet i seg sjølv er godt, er det lite attraktivt for dei med relativt lang reiseveg for å komme til kollektivaksane. Busettingsmønsteret og flatedekninga til kollektivtrafikken i Alver betyr at innfartsparkering er eit viktig bidrag til nullvekstmålet, men også eit tiltak som bidreg til ein enklare kvardag for innbyggjarane i Alver kommune. Eit felles parkeringsanlegg i Knarvik er i tillegg eit viktig bidrag for å realisere måla i Knarvikplanen, særleg med tanke på reduksjon av internttrafikk og utvikling av Knarvik som ein gangvennleg tettstad. Prosjektet er spelt inn til handlingsprogrammet, men treng nærare utgreiing og regulering før det er modent for finansiering.

Kostnad: Avhenger av kva løysing som velgast

Mogleg byggjestart: Avhenger av kva løysing som velgast

Status: Moglege løysingar utgreiast nærare i eigen moglegheitsstudie for innfartsparkering i Knarvik, inkl. mogleg delfinansiering med Miljøløftet. Det er satt av belønningsmidlar til formålet.

Fv57 Gymnasbakken, utvide G/S på brudelen.

Tiltaket gjeldt den smale delen av G/S-vegen i Gymnasbakken, der i dag er for smalt til at gåande og syklande kan møtast. Strekket ligg mellom Alversund og Knarvik, og ei utbetring vil bety eit betydeleg løft i G/S-infrastrukturen mellom regionsenteret og eit område i kommunen med høg befolkning. Det vil truleg ha gode sjansar til å prioriterast i Miljøløftet. Må også sjåast i samanheng

med planlagt tunnel mellom Knarvik og Isdalstø, som truleg ligg langt fram i tid. I mellomtida har ein samfunnsmessige utfordringar her med både vanleg biltrafikk, gåande, syklande, samt framkomst for uttrykingskøyretøy i dette området. Det bør vurderast nøye kva ein kan løyse i og langs dagens trase. Det er usikkert om det er trong for ny reguleringsplan.

Kostnad: Avklarast i forprosjekt.

Mogleg byggestart: Avklarast i forprosjekt

Status: Spelt inn som prosjektark. Fylkeskommunen startar i 2026 opp eit forprosjekt for å avklare omfang og rammer for vidare handtering av tiltaket.

Fv5472 Kleivane på Seim G/S-veg

Eit svært trangt og smalt vegstykke som er skuleveg for mange av elevane ved Seim skule. Strekninga som her vurderast utbetra har ikkje tilbod for mjuke trafikantar i dag, og er svært smal. Strekninga har ei lengd på i overkant av fire hundre meter. Det vart utarbeida forprosjekt allereie i 2012, der ulike løysingar vart vurdert. Tiltaket må detaljregulerast. Tiltaket regulerast som eige tiltak då den pågåande reguleringa på Seim ikkje vert utvida til å gjelde Kleivane.

Kostnad: uavklart

Mogleg byggestart: Prosjektet krev ny reguleringsplan. Byggestart mogleg etter 2029.

Tilråding: Sendt inn som prosjektark. Tiltaket inngår i framlegg til fylkeskommunalt planbudsjett for 2026.

E39 Knarvik, fortau Stallane – Såta, del av kryssløysing

Fortauet på «sjøsida» av E39 manglar bindeledd mellom Stallane-krysset og Såta. Dette er med på å skape trafikkfarlege vegkryssingar. Prosjektet vil innebere eit løft for det samanghengande G/S-tilbodet mellom Knarvik sentrum og Såta og er såleis i tråd med Miljøløftet sine føringar. SVV sitt syn er at det er naudsynt med avklaring mot regulering for Lonena Aust før ein ev. byggestart her.

Kostnad: Uavklart

Mogleg byggestart: Avhenger om det er naudsynt med regulering, samt avklaring mot Lonena aust.

Status: Sendt inn som prosjektark

Fv 5484 Gradnatun-krysset, utbetring og fortau

Etter signal i formannskapet 11.09.2025 har adm meldt inn dette prosjektet. Etter adm. syn er dette eit trafikksikringsprosjekt som bør prioriterast i andre samanhenger enn Miljøløftet. Tilrådinga er difor å trekke ut dette prosjektarket. Det kan vere aktuelt å sjå på andre løysingar for å sikre tilbodet til gåande mellom Hordabø skule og idrettshallen, t.d. ved bruk av belønningsmidlar.

Kostnad: Uavklart

Mogleg byggestart: Uavklart

Status: Sendt inn som prosjektark

Fv 5452 Leknes skule, tilkomst sørfrå, inkl bru og avsetting/hjartesone

Etter signal i formannskapet 11.09.2025 har adm meldt inn dette prosjektet. Etter adm. syn er bør ikkje det prioriterast ved denne rulleringa, men kan ev. takast opp ved ei seinare anledning. Tilrådinga er difor å trekke ut dette prosjektarket.

Kostnad: Uavklart

Mogleg byggestart: Uavklart

Status: Sendt inn som prosjektark

E39, Hagelsund bru, utviding av G/S-veg

Dagens G/S- løysning er smal, med berre rør-rekkverk mellom mjuke trafikantar og ein smal vegbane med mykje tungtrafikk. To syklende kan ikkje møtast på ein trygg måte utan å bremse heilt opp. Å få til ei løysning her vil innebere eit betydeleg løft i den samanhengande akselen mellom dei mest befolkningstette områda i Alver, Frekhaug-Knarvik-Alversund. I tillegg vil ein kunne legge betre til rette for beredskapen i ein krisesituasjon ved at køyrebana vert utvida. Det vart i 2020 utarbeida eit forprosjekt for ny G/S-veg i eigen konstruksjon som heng på utsida av dagens bru. Det er lite realistisk med gjennomføring i nær framtid for denne løysinga, og det er derfor ikkje spelt inn prosjektark for dette.

Det kan likevel vere aktuelt med mindre tiltak for å heve kvaliteten på dagens G/S-veg. Dette kan gjelde t.d. eit betre skille mellom G/S-del og vegbana, eit betre vegdekke på G/S-del og tiltak for å betre vassavrenninga på nedre del av brua mot Knarvik.

Kostnad: Uavklart

Mogleg byggestart: Etter 2029

Status: Det må avklarast om dei mindre tiltaka er noko SVV skal følgje opp eigne drift- og vedlikehaldsplanar

Kv 1163 Fosseskarvegen G/S-veg

Det er i dag ikkje noko tilbod for gåande og syklende på vegen over Fosse mellom Fossesjøen og Sagstad Skule/Fossemyra, og det er heller ikkje veglys på strekninga. Særleg ved realisering av planar for utbygging på Fossesjøen vil det truleg bli auka trafikk over denne vegen, mot Sagstad skule og Fossemyra. Det må gjerast nærare vurderingar av behovet for oppgradering her, og ev. kva nivå som er aktuelt. Berre veglys? Veglys og fortau? Full regulering?

Kostnad: Uavklart

Mogleg byggestart: Uavklart

Status: Ikkje spelt inn som prosjektark, men aktuelle tiltak bør utgreiast nærare, ev. med bruk av belønnings midler

Fv565 Hilland i Alver kommune, kryssløysning

Noverande kryssløysing er trafikkfarleg og har sterk auke i trafikkmengder. Slik Skyss ser det, er Hillandskrysset dårleg egna for utbygging med vendesløyfe/rundkøyning for buss og dermed sentrale kriteria i Miljøløftsamanheng. Administrasjonen tilrår at Hillandskrysset blir trekt ut som Miljøløftprosjekt, og overført til ordinært trafikksikringsprosjekt hjå fylket. Dette er i tråd med fylkeskommunens tilråding.

Status: Ikkje spelt inn som prosjektark.

Fv 565 Alverstraumen, vende plass for buss, inkl. IP.

Adm. anbefaler å gå vidare med vende plass vendesløyfe i krysset med Alverstraumen kai. Det er utarbeidd skisseløysing av prosjektforslaget. Det vart også levert inn prosjektark på dette i fjor, men utan økonomidel.

Status: Spelt inn som prosjektark. Prosjektet avhenger i første omgang av at det settast av areal i det pågåande arbeidet med KPA.

Fv5452 Apalen, fortau/trafikksikring Apalen – x Kleivdalsvegen

Dette har lagt inne som Miljøløftprosjekt i mange år. Reguleringsplan for området vart vedteken i 2011. Eksisterande plan hjemlar ikkje bruk av ekspropriasjon og dette gir ein risiko i høve erverv av grunn. Inntegna veg i gjeldande plan er smal og det er ikkje teke med areal til rigg og drift. Ei samla vurdering gjer at fylkeskommunen vurderer det som naudsynt å regulere tiltaket før det kan realiserast.

Status: Spelt inn som prosjektark. Oppstart av reguleringsplanarbeid i 2025. Det er håp om vedtak på reguleringsplan i løpet av 2027 /2028

Fv5458 Ostereidet, fortau/trafikksikring Lindstallen

I statsbudsjettet for 2026 (Prop. 1 S (2024–2025)) er det løyva midlar til oppstart av dette prosjektet – med atterhald om budsjettvedtak i Stortinget.

Status: Spelt inn som prosjektark.

Fv5452 Leknes, fortau/trafikksikring ved Eknes karosseri

I statsbudsjettet for 2026 (Prop. 1 S (2024–2025)) er det løyva midlar til oppstart av dette prosjektet – med atterhald om budsjettvedtak i Stortinget.

Status: Spelt inn som prosjektark.

Fv 5474, Seim skule, fortau/trafikksikring

Dette er eit pågåande reguleringsarbeid i fylkeskommunen. Fylkeskommunen har gjeve signal om at det pågåande reguleringsarbeidet på Seim ikkje burde utvidast i stor grad, då ei utviding vil kunne hindre byggestart av igangværande reguleringsprosjekt innan 2029.

Status: Spelt inn som prosjektark. Formelt planarbeid starta opp i 2025 og vil halde fram i 2026. Prosjektet er venta ferdig regulert i 2027.

3. Belønningsmidlar

Viser til eigen sak om endra rammer for bruk av belønningsmidlar.

Som innspel til handlingsprogrammet 2027 har adm. spelt inn behov som følger:

Aktiv mobilitet:

Dette er midlar som skal gå til mindre forbetringar av infrastruktur for gåande og syklende, og oppfølging av t.d. gåstrategi, sykkelstrategi og trafikksikringsplanen. Aktuelle tiltak i denne handlingsprogramperioden er mindre tiltak på E39 Hagelsundbrua og tiltak på Fosseskarvegen, og oppfølging av den komande gåstrategien med opparbeiding av snarvegar. Videre kan det vere aktuelt fortsette satsinga på trygg sykkelparkering, t.d. på skular og i tilknytning til utfartsområder. Om lag 2 mill. kr

Prosjektutvikling:

midlar som kan gå til prosjektleiing, utgreiing, prosjektering og regulering av prosjekt som kan finansierast av post-30 midlar på lengre sikt, til dømes kartlegging av behov knytt til innfartsparkering. Aktuelle tiltak i denne handlingsprogramperioden er utgreiing av tiltak på Fosseskarvegen, ev. planlegging/prosjektering av andre potensielle post 30-prosjekt. Om lag 1,5 mill. kr.

4. Kommunedirektøren si tilråding

Følgande prosjekt utgjer Alver kommune sine innspel til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2027-2029:

Kollektivknutepunkt og innfartsparkering Flatøy – byggetrinn 2.
Innfartsparkering i Knarvik/fellesanlegg parkering
Fv57 Gymnasbakken, utvide G/S på brudelen.
Fv5472 Kleivane på Seim G/S-veg
E39 Knarvik, fortau Stallane – Såta, del av kryssløysing
Fv 5456, Ostereidet, fortau/trafikksikring i Lindstallen
Fv 5452, Leknes, fortau/trafikksikring ved Eknes Karosseri
Fv 5474, Seim skule, fortau/trafikksikring
Fv 5452, Apalen, fortau/trafikksikring Apalen – kryss Kleivdalsvegen
Fv 565 Alverstraumen, vende plass for buss, inkl. innfartsparkering

Følgande prosjekt trekkes ut:

Fv 5484 Gradnatun-krysset, utbetring og fortau
Fv 5452 Leknes skule, tilkomst sørfrå, inkl bru og avsetting/hjarteson
Fv565 Hilland i Alver kommune, kryssløsning

Behov for belønningsmidlar spelast inn som omtalt over.